

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

«Ein skule for LIVET»

Læring – vekst – tru



Innleiing

Tryggheim vidaregåande skule er ein kristen friskule og vert driven etter Privatskolelova. Vi er også forplikta på § 12-2 i opplæringslova som handlar om elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø og skulen si plikt til å ivareta dette. Skulemiljøet skal fremja helse, trivsel og læring.

Vi ønskjer å møte alle elevar med omsorg, respekt og positive forventningar. Det skal kome fram i dei tilsette sitt møte med den enkelte elev. Vi ønskjer at det skal vere låg terskel for eleven å ta kontakt med ein tilsett viss han/ho av ein eller annan grunn ikkje har det greitt på skulen. Det er nulltoleranse for krenkingar og mobbing. Alle som arbeider i skulen har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Eleven si oppleving og medverknad er grunnleggjande prinsipp i dette arbeidet.

Tryggheim vidaregåande skule er og ein internatskule. Planen omfattar både skule og internat, samt alle arrangement utanfor skulen sitt område, i skulen sin regi eller der skulen er involvert, til dømes på ekskursjonar og skuleturar.

Vi legg vekt på dette:

- at det blir arbeidd kontinuerleg, langvarig og systematisk med elevane sitt psykososiale miljø
- at skulen, elevane og føresette samarbeider om det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet
- at tydeleg leiing er ein føresetnad for å førebyggje, avdekke og handtere krenkande ord og handlingar
- at alle tilsette ved skolen har ei handlingsplikt til å undersøke, varsle og gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkande åtferd
- at våre lokale tiltak og vår evne til kommunikasjon og samarbeid er avgjerande for at arbeidet skal lukkast
- at vårt kristne verdigrunnlag ytterlegare forsterkar kor viktig det er å leggje vekt på eit godt psykososialt skulemiljø

Plan for utvikling av det psykososiale skulemiljøet

§ 12-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

Tydeleg informasjon om alle rutinar ved skolen

Rektor informerer på fellesmøte ved skulestart og i samlingar undervegs i skuleåret.

Informasjon blir gjort lett tilgjengeleg på skolen si nettside <https://vgs.tryggheim.no/> og informasjonssider for elevar, foreldre og tilsette på Canvas.

Kontaktlærer har hovudansvaret for å forsikre seg om at elevane er informert og følgjer med på skolen sine informasjonskanalar.

Elevrådsarbeid

Elevrådet sitt styre blir vald blant elevkontaktane for alle utdanningsprogram og trinn, set av tid i kvart halvår til å gjennomgå rutinar og andre tilhøve rundt det psykososiale miljøet på skulen. Rektor har, gjennom ein lærarkontakt, ansvar for tett oppfølging og har løypande kontakt med elevrådsleiar, samt møte i elevrådet dersom det vert ytra ønske om dette.

Trivselstiltak på klassenivå og skulenivå

Tryggheim er og ein stor kristen internatskule med trivsel som eit veldig viktig og prioritert område. Dette inneber ulike aktivitetar slik som bibelgrupper, møteverksemd, ulike idrettsaktivitetar, hobbygrupper, turar og utflukter. Lærarane er med i sosialpedagogiske grupper fredagar og laurdagar. I tillegg har dei ulike klassane ansvar for elevkveldar og andre aktivitetar. Ulike faggrupper reiser på kortare og lengre ekskursjonar, og dei ulike trinna reiser og på utanlandstur kvart år, slik som leirskule for Vg1 og Vg2-turar til Europa.

Anna haldningsskapande arbeid

Tryggheim er opptatt av å legge til rette for at elevane tar gode val. Vi gjennomfører tiltak som psykiske helsedagar på Vg1, Vg2 og Vg3, samt haldningsskapande arbeid inn mot russetida i samarbeid med politiet på Vg3, yrkesetikkdag, Level Up!- om overgangen frå vidaregåande skule til høgskule/universitet. I tillegg vert det gjennomført tiltak knytt til kosthald, trening, søvn, og rus. Elles har skulen fokus på eit godt læringsmiljø og klasseleiing gjennom ulike temasamlingar, læringsevalueringar og medarbeidersamtalar.

Som ein kristen skule kviler alt vi gjer på eit kristent verdigrunnlag. Derfor arbeider vi for at alle fag og arrangement vert prega av kristne verdiar som blant anna tilgjeving, rettferd, nåde, respekt, nestekjærleik og menneskeverd.

Oppstartsamtalen

Ved skulestart gjennomfører kontaktlærer ein startsamtale med den enkelte elev i si kontaktlærargruppe. Samtalen skal hjelpe skulen i arbeidet med å kartlegge den enkelte eleven sine evner og føresetnader slik at det kan leggjast til rette for fagleg og sosial utvikling. Oppstartsamtalen kan og avdekke tilhøve som skolen må vere spesielt merksam på.

Kontaktlærarsamtale

Alle elevar har minst ein kontaktlærarsamtale kvart halvår. Dette skal bidra til at eleven blir ivaretatt både fagleg og sosialt.

Foreldre-/føresette-møte

Skulen inviterer føresette til foreldremøte i samband med temadagen om hausten. Kontaktlærarane leier fellessamtalar på klassenivå. Det er også mogleg å treffa faglærarar for samtale desse dagane.

Konferanse med føresette til elever under 18 år

På temadagen gjennomfører kontaktlærer ein samtale med føresette til elevar som er under 18 år. Eleven har rett til å vere til stades. Heimel og krav til innhaldet i samtalen er gjort greie for i forskrift til Privatskolelova § 8-1. Samtalen legg opp til at både fag og tilhøve knytt til eleven sitt psykososiale miljø kan utdjupast.

I tillegg til fellessamtalane og dei individuelle samtalane har kontaktlærer eit viktig generelt ansvar for å ivareta rettane til dei føresette når det gjeld dialog med skulen.

Studieverkstad

På Tryggheim har vi ein studieverkstad som er ein læringsarena for alle elevane. I tillegg til undervisning, vert romma brukt til kollokviegrupper – både i og utanfor skuletida. Vi oppfordrar elevane til å jobbe saman med andre om skulearbeid – gjennom samarbeid lærer vi av og med kvarandre. Lesesal og studieverkstad er bemanna med lærarar fleire dagar i veka. Her kan elevane få hjelp i fleire fag. Her kan dei gjere leksene sine utan hjelp og utan å bli forstyrra – og her kan du få hjelp – ikkje minst med matte og realfag, men også språk, og også tips til læringsteknikkar.

Dysleksivennleg vidaregåande skule

Som dysleksivennleg skule ønsker vi å ta vare på alle elevane våre. Vi ønsker å jobbe målretta for å fjerne hinder for læring, og for å legge til rette for at elevane skal få vise sin kompetanse.

Undervisningsevaluering

Årleg vert det gjennomført ei læringsevaluering. Den gir elevane moglegheit til å kome med tilbakemeldingar om læringa i alle fag. Den blir ein del av skulen sitt arbeid med pedagogisk utvikling og skal følgast opp gjennom å vere ein del av medarbeidersamtalane mellom skuleleiinga og kvar enkelt lærar.

Elevundersøkinga

I løpet av hausten vert Elevundersøkinga gjennomført. Alle elevar får informasjon om undersøkinga i forkant. Når resultatet ligg føre, vil det bli presentert for elevrådet, som igjen presenterer dette for sine elevgrupper. Den blir og presentert for lærarråd og pedagogisk leiarmøte. Nødvendige tiltak vert iverksett etter samtalar i elevråd og lærarråd.

Rådgjevingstenesta

Rådgjevingstenesta skal bidra til at elevane får størst mogleg utbytte av opplæringstida ved skulen. Rådgjevarane samarbeider med elev, føresett, personale ved skolen, helsesjukepleier, PPT, OT (Oppfølgingstenesta) og eventuelt andre instansar i eller utanfor skulen.

Rådgjevingstenesta skal:

- Gi rettleiing og råd om utdanning, yrkestilbod og yrkesval.
- Bevisstgjere og støtte elevane i val av utdanning og yrke.
- Hjelpa elevane ved søkning til vidare utdanning.
- Opprette kontakt med utdanningsinstitusjonar, opplæringskontor og fagopplæring.
- Gi informasjon og vegleiing om utdanningsstøtte frå Lånekassen.
- Støtte, vegleie og følge opp elevar med sosiale utfordringar i skule- og/eller internatkvardagen.

Sosialpedagogisk team

Sosialpedagogisk team gjeld internatmedarbeidarar, fritidsleiar, rådgjevarar, administrasjonsleiar, rektor, PPT og helsesjukepleier. Teamet møtest ein gong i veka og koordinerer oppfølging av enkeltelevar og konkrete saker som elles gjeld det psykososiale miljøet. Sjå punkt 3.8b.

Internatarbeid

Internatarbeidarane skal gjere sitt beste for å skape eit hyggeleg og triveleg miljø ved skulen:

- Gje råd og rettleiing til elevane i stell av eigne rom, orden og reinhald og vask av klede
- Bruke fløymøta til samtale om miljøet på internata
- Tilsyn med elevane sine bu- og arbeidsvilkår og hygiene

Administrasjonsleiar og internatleiar tek seg av disiplinære saker i internatet.

Tilsynsordninga

Dei tilsette deltek i tilsynsordninga. Det fører med seg å ha tilsyn med elevane utanom skuletid. Vaktavande er tilgjengeleg hele døgnet på telefon og hjelper blant anna med praktiske spørsmål, er til stades ved måltida og går brann- og låserunde på kvelden. Vakttenesta innbyr til mange gode samtalar med elevane utanfor undervisninga og er eit viktig møtepunkt mellom tilsette og elevane.

Miljøteam

Miljøteam består av ungdomsleiar og miljøarbeidarar. Teamet koordinerer ulike aktivitetar på ettermiddag/kveld og bidrar i det sosialpedagogiske arbeidet og med oppfølging av enkeltelevar.

Nærværsteam

Vert oppretta skuleåret 26/27. Teamet skal samarbeide med internatleiar og studieverkstaden og ha «morgonfuglar» som skal ivareta elevar med nærvær utfordringar.

Helsesjukepleier

Helsesjukepleier har kontortid på skulen to dagar i veka og held til i 3.etg i hovudbygget (sjå oppslag på døra til helsesjukepleier). Elevane kan ta kontakt med helsesjukepleier uansett kva som opptar dei. Elevane kan og treffe helsesjukepleier / lege / psykolog på «Helsestasjon for ungdom» på Nærbø, måndagar kl 14.00 – 16.30.

Oppfølging av fråvær

Skulen sine rutinar for oppfølging av fråvær gjer greie for kontaktlærarar og undervisningsleiar sitt ansvar for å følgje opp elevfråværet. Rutinane skal sikre at eleven får tilbod om samtale med kontaktlærer før generelt fråvær, fråvær på prøvar og manglande innleveringar hopar seg opp. I tilfelle der undervisningsleiar eller andre gir uttrykk for bekymring knytt til stort fråvær eller dårleg læringsmiljø i ein klasse, vil sosialpedagogisk team ta saka vidare og drøfte tiltak med kontaktlærarane med elevansvar for den aktuelle elevgruppa.

Sjå vedlegg 1: Årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Rutinane til skulen § 12-4

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Det må vere eit systematisk arbeid og ein rød tråd i skulen sitt arbeid og ikkje berre noko som vert gjort når det oppstår ubehagelege situasjonar eller ved oppstarten av eit nytt skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Det systematiske arbeidet

skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidd og må følgjast av personalet når det vert jobba med saker som vedkjem det psykososiale miljøet til elevane. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid.

Skulen si leing ved rektor skal følgje med og har ansvaret for at arbeidet er aktivt og planmessig. Denne planen skal bidra til at elevane på Tryggheim opplever eit trygt og sosialt skolemiljø. For å sikre dette, må planen vere kjent for alle partar i skolemiljøet.

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
Elever og føresette vert gjort kjent med at handlingsplanen for psykososialt miljø og skulereglementet ligg på skulen si heimeside og på Canvas og at dei skriv under på at dei har lese dokumenta.	Ved opptak	Rektor
Opplæring og informasjon til alle tilsette: <u>Tilsette gjennomgår handlingsplanen for psykososialt miljø og drøftar:</u> Kva er krenkande åtferd? Kva er terskelen for å gripe inn? Når skal skuleleiinga varslast? Dei ulike førebyggjande og haldningsskapande tiltaka Dei tilsette ved skulen gjennomgår skulereglement og beredskapsplan	Ved skulestart	Rektor / undervisningsleiar / studieleiar
Elevane vert informert om planen	Ved skulestart	Rektor / kontaktlærar
Skulen sine førebyggjande og haldningsskapande tiltak vert gjennomførte heile skuleåret	Fortløpande	Rektor
Tiltak og aktivitetar vert tatt opp i elevrådet	Fortløpande	Rektor / elevråd
Funn i kontaktlærarsamtalane vert vurderte	Fortløpande	Rektor / kontaktlærar
Elevar og føresette vert informerte om planen	Kvar haust på foreldremøtet	Rektor / kontaktlærar
Resultata frå elevundersøkinga vert tatt opp i styret, personalet og elevrådet	Kvar vår	Rektor
Skulen evaluerer det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet kvart år. Tas opp i elevråd og personalet	Kvar vår	Rektor
Udir fører tilsyn med skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet	Basert på dialog og rettleiing	Udir

Presisering av aktivitetsplikta § 12-4

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Aktivitetsplikta omfattar alle som arbeider ved skulen og inneber at alle pliktar å:

1. Følgje med

- Alle tilsette på skulen har ei plikt til å følgje med
- Arbeide for å fange opp om elevar ikkje har det trygt og godt

2. Gripe inn

- Grip inn umiddelbart ved krenkingar som: mobbing, vald, trakassering og diskriminering.
- Alle tilsette på skulen er lovpålagt å gripe inn dersom det er mogleg.

3. Varsle

- Alle tilsette har plikt til å varsle om all mistanke (alle varsel skal til rektor)
- Varsling skal skje umiddelbart (bruk meldeskjema i vedlegg 1)
- I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar

4. Undersøke

- Viss nokon seier ifrå om at dei ikkje har det bra, skal ein alltid undersøke
- Finn ut kva som ligg bak eleven si oppleving
- Alltid viktig å sikre kontradiksjon/motsvar
- Denne undersøkinga føregår saman med rektor
- Skulen har plikt til å setje inn eigna tiltak
- Kva er eigna tiltak?
- Kor lenge skal tiltaka vare?
- Skulen skal vurdere om tiltaka verkar

5. Dokumentere

- Skulen må dokumentere kva som vert gjort
- Krav om aktivitetsplan
- Krav om å dokumentere det som har blitt gjort
- Taushetsplikt og behandling av personopplysningar

Presisering av omgrep

Definisjonar på krenkande ord og handlingar

Mobbing

Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast. (Udir)

Krenking

Krenking kan definerast på same måte som mobbing, med einaste forskjell at krenking er ei eingongshending. Det blir stilt same krav til handsaming av opplevd krenking som til opplevd mobbing.

Utestenging

Utestenging handlar om at elevar så godt som alltid blir haldne utanfor ei gruppe eller ein klasse.

Vald

Vald inneber at nokon bruker fysisk makt for å skade andre.

Rasisme

Rasisme inneber at nokon blir forskjellshandsama eller plaga, t.d. fordi dei har ein annan hudfarge eller snakkar eit anna språk.

Diskriminering

Diskriminering tyder at ein person blir dårlegare behandla eller blir trakassert, t.d. på grunn av kjønn, funksjonsevne, seksuell legning, tru, eller hudfarge.

Varslingsrutinar ved vald, truslar eller trakassering

jfr. § 12-4 i Opplæringslova

ANSVAR OG DOKUMENTASJON	GJER KVA	TIDSRAMME	MÅL
Alle som oppdagar	Melder frå til kontaktlærer og til rektor eller assisterande rektor.	Snarast	Informasjon Avverge skade og utvikling av konflikten
Rektor / kontaktlærer Rapport til rektor	Samtale med eleven som opplever seg krenka Gjennomfører støttesamtale med den som har blitt utsett for vald, truslar eller trakassering. Tilbyr hjelp. Opprettar kontakt med eventuell sakkyndig/rådgjevar. Sikrar støtte heime. Referat frå samtalen, og skriftleg rapport om den uønska hendinga, med kopi til rektor.	Same dag	Informasjon Dokumentasjon Støtte Tryggleik
Rektor / kontaktlærer Rapport til rektor	Samtale med føresette til elevar under 18 år som opplever seg krenka	Same dag/ved første høve	Informasjon Trygge eit godt samarbeid

	Gjennomføre samtale med føresette og sikre god kommunikasjon og samarbeid rundt saka og oppfølginga.		
Rektor / undervisningsleiar Rapport til rektor	Samtale med krenkar Kallar inn utøver av vald, truslar eller trakassering til samtale. Klargjer alvoret i situasjonen. Gir den som har utøvd vald, truslar eller trakassering høve til å forklare seg. Informerer om konsekvensane. Kontaktar foreldre/føresette når eleven er umyndig. Referat, kopi til rektor. Ved alvorlege tilfelle: Rektor deltek på møtet. Vurderer direkte tiltak.	Same dag	Informasjon Avklaring Forebygge gjentaking/ytterlegare handlingar Hjelp til eleven
Rektor / undervisningsleiar Rapport til rektor	Samtale med føresette til krenker dersom eleven er under 18 år Gjennomføre samtale med føresette og sikre god kommunikasjon og samarbeid rundt saka og oppfølginga	Same dag/ved første høve	Informasjon Trygge eit godt samarbeid
Rektor	Skulen lager ein skriftleg plan om når det skal fattast tiltak i ei sak. I planen skal det stå a) kva for problem tiltaka skal løyse b) kva for tiltak skulen har planlagt c) når tiltaka skal gjennomførast d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka e) når tiltaka skal evaluerast Opplæringslova § 9A-4	Seinast dag 2 eller 3	Sikre gode rutinar
Rektor Referat	Evaluering Tiltaka vert vurdert fortløpande	Fortløpande	Sikre at tiltak fungerer etter føremålet

Rektor	Sanksjonar Sanksjonar må vere i samsvar med skulereglementet og bruken skal dokumenterast. Privatskolelova § 3-10	Umiddelbare reaksjonar og sanksjonar i etterkant	Sikre at skulereglane vert forvalta rett og at handlinga og konsekvensane står i høve til kvarandre
Statsforvaltaren	Dersom Statsforvaltaren meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva skulen skal gjere for å sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Statsforvaltaren skal setje ein frist for når tiltaka skal bli gjennomførte og følgje opp saka. Opplæringslova § 12-6		Sikre eleven sin rett til eit godt skulemiljø
Rektor / Kontaktlærar Referat	Oppfølging Situasjonen og tiltaka vert følgde til kravet ikkje lenger er til stades. Alle involverte elevar skal følgjast opp.	Fortløpande	Sikre at tiltaka er tenlege og at problemsituasjonen opphøyrer
Rektor Referat	Dersom krenkinga ikkje opphøyrer Involvere eksterne partar inn i saka som PPT, barnevern, politi eller konfliktråd.	Fortløpande	Sikre moglegheiter for nye tiltak som er tenlege, og at problemsituasjonen opphøyrer

Vedlegg 1:

Årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø



Månad	Tiltak/prosjekt	Ansvar
August	Foreldremøte vg1 Oppstartsamtaler alle elevar Val av tillitselev Mini-kurs IKT Introduksjon Vg1 Kroppsøvingstur til Holmavatn for Vg1-elevane Russeweekend Tonstadli Ulike aktivitetar for alle elevar dei første 14 dagane: turar og teambuilding	Kontaktlærarar Kontaktlærarar HF/kontaktlærarar CLK i samarbeid med k.lærarar Kroppsøvingslærarar Rektor m/fleire Miljøarbeidarar + sosialgrupper
September	Val av elevrådsstyre Val av elevrådsrepresentant til skulestyret Vg2-turar Europa Oslo-tur Vg3 Besøk av Randi, <i>Kriminalomsorgen</i> , i klassar eller på fellessamling. Tema: Førebygging rusbruk (september-juni)	HF BG, BAB Kontaktlærarar Vg3 Leiinga
Oktober	Elevundersøkinga Psykisk helsedag vg1 Møte elevrådsstyre/leiing Elevråd VBV-prosjekt oppstart	GMK/leiinga Lærarar Rektor/leiing HF ALHF/elevråd/prosjektgruppe
November	Temadag for elevar og foreldre og foreldresamtalar Elevsamtalar Tilbakemelding på undervisning OM-dag Abel-konkurranse Open Dag	Rektor/leiinga Kontaktlærarar Faglærarar Leiinga/elevråd Realfagsavdelinga Rådgjevar/leiinga

Desember	Elevråd Juleverkstad Julefest for elever og personale VBV-undersøking Hans Nielsen Hauge-festival	HF Miljøarbeidarar Festgruppe ALHF/elevråd/prosjektgruppe Knut, Henrik F m/fleire
Januar	Psykisk helsedag Vg2 og Vg3 Utdanningsmesse Stavanger Forum Markering av Holocaust-dagen vg1 VBV-prosjekt og framlegging av resultat	EB/ALHF Rådgjevarar Turleiarar ALHF/elevråd/prosjektgruppe
Februar	Foreldresamtalar Leirskule Vg1 Møte elevrådsstyre/leiing Elevråd	Kontaktlærarar/faglærarar K.lærarar Vg1 Rektor/leiing HF
Mars	Elevsamtalar Tilbakemelding på undervisning Leirskule Vg1 Open Dag UiS, Vg3-elevar Yrkesetikk-dag Besøk frå Evangeliesenteret Påskesamling	Kontaktlærarar Faglærarar Kontaktlærarar vg1 Rådgjevarar Yrkesfaglærarar Rektor Rektor og lærarar
April	Elevråd Misjonsløp	HF HF/elevråd/russen
Mai	17.- mai-frukost VBV-prosjekt og forslag til tiltak	ALHF/elevråd/prosjektgruppe
Juni	<i>Level Up!</i> Seminar om overgangen frå Vg3 til universitet og høgskular Besøk av Jødiske veivisere Avslutningsfest	Rådgjevarar Religionslærarar Festgruppe/leiing

Fritidsaktivitetar gjennom skuleåret. Her er nokre døme:

Bibelgrupper, møteverksemd, russekor, fotball-turneringar, turar, makerspace-gruppe, spel og dill, treningsgruppe, matgruppe, strikke,-sy, - og hobbycafe.

Russen arrangerer liga, Oscars og nattcup m.m.

Vedlegg 2:

Meldeskjema Bekymring for elevar sitt psykososiale miljø



Eleven sitt namn:		Fødselsdato:
Eleven sin klasse:		
Meldinga vert sendt til:		
Melding vert sendt frå:		
Dato for meldinga:		
Kva gjeld bekymringa? (mobbing, krenking, utestenging, vald, rasisme, diskriminering)		
Korleis blei bekymringa oppdaga?		
Annan informasjon		
Tiltak evaluert etter 2 veker		
Tiltak evaluert etter 3 månader		

Vedlegg 3:

Aktivitetsplan

Eleven sitt namn:

Klasse:



Planen er utarbeidd av:

1	Kva for problem skal løysast? [Her skriv de kva som er kjernen i problemet] Beskriving av problemet: [Her vert problemet skildra meir detaljert]			
2	Korleis har skulen fulgt opp delpliktene i aktivitetsplikta?			
2a	<i>Følgje med</i>			
2b	<i>Varsle</i>			
2c	<i>Gripe inn</i>			
2d	<i>Undersøke</i>			
2e	<i>Dokumentere</i>			
3	Tiltak, kva har skulen planlagt?	Når	Ansvarleg	Evaluering
3a	[Beskriv kvart enkelt tiltak]			
3b				
3c				

4	Kort oppsummering av kommunikasjonen mellom skulen og eleven/føresette:			
5	Kort oppsummering av skulen si vurdering av saka:			
6	Tidsperiode:			

Vedlegg 4:

Kvalitetssikringsskjema – Forvaltning § 12-2

Unntatt offentlighet, jf. Offentlighetsloven § 13a

Eleven sitt namn: _____

Klasse/gruppe: _____

Tiltak	Utført dato	Ikke relevant
Rektor er informert		
Meldeskjema er fylt ut og underteikna		
Kontaktlærer har fått kopi av meldeskjema		
Det er gjennomført samtale(r) (etter skulen sin mal for handtering av mobbesaker) med elev som har vore utsett for mobbing/krenkande ord eller handlingar, og det er skrive referat frå samtalen.		
Det er gjennomført samtale(r) med elev/elevlar som har utført mobbing/krenkande ord eller handlingar (etter skulen sin mal for handtering av mobbesaker), og det er skrive referat frå samtalen(e).		
Det er gjennomført samtale(r) med føresette til begge partar, og det er skrive referat frå samtalen(e).		
Ved behov er PPT / andre faginstansar kontakta		
Eleven er blitt informert om rettane sine som er skildra i kap 9a		
Aktivitetsplan er utarbeidd		
Skulen sjekkar med eleven om tiltaka aktivitetsplanen bidrar til ei forbetring av situasjonen.		
Skulen varslar styret ved alvorlege mobbesaker		

Dato

Rektors underskrift

Vedlegg 5:

Rutinar ved § 12-5: Skjerpa aktivitetsplikt

Ved mistanke eller observasjonar om vaksenmobbing er det rektor som skal bli kontakta. Det er også rektor som er ansvarleg for sakshandsaminga.

Dersom det er leiar som står bak mobbing/krenking skal saka straks bli overført til styret for skulen.

Rutinar for vaksenmobbing:

- Ved bekymring eller melding frå elev om vaksenmobbing/krenking, skal rektor straks ta opp saka med involverte.
- Eventuelle samtalar med elevar som gir uttrykk for kjennskap til mobbing/krenkingar frå vaksne i elevundersøkinga, blir gjennomført av rektor.
- Møte og samtale med aktuell tilsett blir gjennomført av rektor. I denne samtalen er det viktig at den tilsette blir gitt høve til kontradiksjon.
- Rektor tar alltid kontakt med styret før det blir ei personalsak.
- Saka blir normalt sett følgt opp med faste møte kor avdelingsleiar med personalansvar har ansvar for oppfølging av den tilsette .
- Kontaktlærar vil ha oppfølgingsansvar for involvert elev

Gjeldande versjon våren 2026